

Føretaksmøte 2. desember 2016

# Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

[www.helse-vest.no](http://www.helse-vest.no)

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF



DET KONGELIGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

---

## PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Fredag 2. desember 2016 kl. 12.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart gjennomført som telefonmøte.

### Dagsorden

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Endring i driftskredittramma

Sak 4 Nødnett – overføring av eigarskap og forvaltning av utstyr og løysingar

### Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold (etter fullmakt frå statsråden)

### Frå styret møte

Nestleiar Lise Reinertsen (etter fullmakt frå styreleiar)

Ohene Aboagye

### Frå administrasjonen møte

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsten (etter fullmakt frå administrerande direktør)

### Også til stades

Spesialrådgjevar Andreas Disen

Seniorrådgjevar Jan-Erik Barbakken

Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men møte ikkje.



## Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Frode Myrvold ønske, som øvste eigarmyndigheit, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden, frå styreleiar og frå administrerande direktør. Han spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Nestleiar for styret Lise Reinertsen og ekspedisjonssjef Frode Myrvold blei valde til å skrive under protokollen.

## Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjent.*

## Sak 3 Endring i driftskredittramma

Føretaksmøtet viste til Prop. 26 S (2016–2017) *Endringer i statsbudsjettet 2016 under Helse- og omsorgsdepartementet*, som er lagt fram. Her er det føreslått å auke ramma for driftskreditt til dei regionale helseføretaka med 100 mill. kroner frå 5 896 mill. kroner til 5 996 mill. kroner ved utgangen av 2016. Endringa skuldast at pensjonspremien er auka med 100 mill. kroner i forhold til det som tidligare er lagt til grunn.

Helse Vest RHF sin del av denne justeringa utgjer 18,5 mill. kroner. Med atterhald om Stortinget si godkjenning blir Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt pr. 31. desember 2016 justert frå 1 114,5 mill. kroner til 1 133 mill. kroner.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Driftskredittramma for Helse Vest RHF vert auka med 18,5 mill. kroner frå 1 114,5 mill. kroner til 1 133 mill. kroner.*

## Sak 4 Nødnett – overføring av eigarskap og forvaltning av utstyr og løysingar

Det er vedteke at det utstyret som helsetenesta, både kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta, bruker i det nasjonale Nødnett for beredskapssetatane skal bli overført frå staten ved Direktoratet for nødkommunikasjon til dei regionale helseføretaka ved det felleseigde Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF (HDO). Dette gjeld utstyr i helsetenesta sine kommunikasjonsentralar (AMK-sentralar, akuttmottak og legevaktsentralar) og brukarutstyr hos helsepersonell i vakt.

Føretaksmøtet bad om at dei regionale helseføretaka, i samarbeid med Direktoratet for nødkommunikasjon, set i verk nødvendige tiltak for å gjennomføre overføring av eigarskapet til utstyret som nødetatane i helsesektoren bruker i nødnett og at det blir etablert nye betalingsordningar i dialog med brukarverksemdene i kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Betalingsordningane skal vere baserte på at brukarane betaler for sin bruk av nødnett, og omfattar både drift og vedlikehald, framtidige investeringar, forvaltning og utvikling av nødnett.

Det står framleis att kostnader til innføring av nødnett i fase 5-området. I tillegg er det behov for å skifte ut kommunane sine kommunikasjonssentralar i fase 0- og 1-områdene. Føretaksmøtet la til grunn at dei resterande innføringskostnadene for kommunane og utskifting av deira kommunikasjonssentralar i fase 0- og 1-områdene blir dekkta i fellesskap av kommunane gjennom en ny brukarbetalingssordning for kommunane.

**Føretaksmøtet vedtok:**


*Overføring av eigarskap og forvaltning av utstyr og løysingar blir overført frå staten ved Direktoratet for nødkommunikasjon til dei regionale helseføretaka ved det felleseigde Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF (HDO), i tråd med føretaksmøtet sine føringar.*

Møtet vart heva kl. 12.15.

Oslo, 2. desember 2016



Frode Myrvold



Lise Reinertsen